

KOVALEET

Høgdemeter: Ca 600 moh.

Lengd: ca. 2,1 km

Tid: ca. 60 min ein veg.

Gradering: Middels (eit par svært bratte partier)

Følg vegskildringa til Kleppe. Herifrå skal du følge merka veg (buførevegen) opp forbi den øverste husmuren. Vegen krockar seg oppover gjennom bjørkeskog, til først «Harabåsen», vidare til «Nederste Haugane». Her flatar det litt ut, og du går fortsatt i gammal bjørkeskog og fine grabakkar. Fine beiter for både kyr, sauer og ikkje minst hjort.

I den nordlege enden av dette området kjem du til Kovaleet. Herifrå går det oppover gjennom mykje fjellbjørk/ pas og over ein del myrområde til du kjem meir oppå fjellet. På høgaste punktet ligg «Venaskarv», med ein liten varde. Her er fint utsyn mot Vossahorga og Nesheimshorga, og også litt mot Utnefjorden.

Følg merkinga vidare nedover mot Øvrestølen på Mikkjelstøl. Det øvste selet høyrer til Dalatun og dei to sela nedste i skråninga, er Lars Ingvald Folkedal sine. Her finn du postkassa på ei stor bjørk.

No kan du velje om du vil gå tilbake same veg, eller forsetje ned til nedste Mikkjelstøl. Her er det to sel og ei hytte. Rett bortom det nedste selet (lysegrått) er det ei god bru over elva. Derifrå er vegen kort ned langs elva til Svortetjørn, der du møter skogsbilvegen. Bilvegen er 4 km lang, og går forbi Helgastøl og ned til Folkedal.

Heile rundturen tar omlag 4 timar.

Turtips 1: Den gamle stølsvegen til Kleppe kan du og gå i staden for skogsvegen. Denne er rydda og merka med raud maling. Stien startar rett før grinda.

Turtips 2: Gå vidare frå Kovaleet på merka løype og evt. rundt om Mikkjelstøl i tillegg, sjå eigne turskildringar!

GOD TUR!